

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
011/2015	Arbeidsmiljøutval	PS	29.09.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Kjetil Morken	15/1774	15/11033

Val av verneombod i Radøy kommune perioden 1/1 2016 - 31.12.2017

Saksopplysingar:

Radøy kommune har følgjande verneområder

- 1 Rådhuset, Gamle prestegarden, NAV Sosial
- 2 Utearbeidarar ved teknisk , Radøyhallen og reinhaldarar kommunale bygg Mangersområdet
- 3 Helsehuset (legekantoret, Fysioterapi, helsestasjon)
- 4 RIB
- 5 Barnevern, PPT, Psykisk Helse
- 6 Velferdssenteret
- 7 Heimetenesta
- 8 OMSUT (OMSUT bustader / Hannesvegen bustader og Radøy arbeidssenter)
- 9 Bø barnehage
- 10 Prestmarka barnehage
- 11 Sæbø barnehage
- 12 Austebygd skule og barnehage
- 13 Hordabø skule
- 14 Manger skule
- 15 Sæbø skule
- 16 Radøy ungdomskule

Rådmannen legg opp til å halde fram med noverande verneombodsstruktur.

Noverande verneombod har ei funksjonstid fram til 31.12.2015.

Val av verneombod skjer etter reglar fastsett i forskrift til arbeidsmiljølova.

Der heiter det mellom anna:

«§ 3-2 Valg av verneombud

Verneombudene skal velges blant arbeidstakere som har erfaring og innsikt i virksomhetens

arbeidsforhold.

Verneombudene velges av og blant arbeidstakere innenfor hvert verneområde. Med unntak av virksomhetens øverste daglige leder har alle arbeidstakere stemmerett. Grupper av arbeidstakere som arbeider på flere verneområder, kan velge egne verneombud for områder som ikke dekkes av andre verneombud.

På verneområder hvor en lokal fagforening alene organiserer flertallet av arbeidstakerne, kan fagforeningen utpeke verneombudet. På verneområder hvor flere fagforeninger til sammen organiserer flertallet av arbeidstakerne, men hvor ingen av dem organiserer flertallet alene, kan de i fellesskap utpeke verneombudet.

.....

Dersom arbeidstakere motsetter seg å velge verneombud, utpeker arbeidsgiveren verneombud. Dette verneombudet fungerer inntil arbeidstakerne har valgt verneombud etter reglene ovenfor, men ikke for mer enn to år om gangen.»

Dette inneber at arbeidstakarorganisasjonar som har reint fleirtal kan peike ut verneombod. Slik rådmannen oppfattar fordelinga av medlemstala vil fordelinga være slik:

- Alle skular: Utdanningsforbundet har fleirtal og kan peike ut
- Alle barnehagar: Fagforbundet har fleirtal
- Heimetenesta, Velferdssenteret og OMSUT, og RIB . Fagforbundet kan peike ut.

Fagforbundet vil også ha fleirtal ved rådhuset (verneområde 1) og Teknisk (verneområde 2)

Ved Helsehuset vil det truleg ikkje være reint fleirtal. – Val eller ev samarbeid som sikrar fleirtal vil være løysinga.

Kven skal velgjast

Rådmannen vil gje organisasjonane oppgåve å peike ut nye verneombod og varaverneombod i ovannemnde verneområder. Ved helsehuset må leiar avklare ev samarbeid mellom organisasjonane. Viss ikkje det blir avklara eit samarbeid skal det arrangerast eit val. Eininga skal organisere val. Viss det ikkje blir mogleg å velje verneombod kan arbeidsgjevar ved leiar peike ut verneombod.

Rådmannen vil peike på innleiinga i § at verneombod skal «velges blant arbeidstakere som har erfaring og innsikt i virksomhetens arbeidsforhold».

Det er viktig å freiste å finne erfarne arbeidstakarar som har eigenskaper og integritet til å stå i ei slik rolle. Ved ev utfordringar i arbeidsmiljøet i verneområdet er verneombodet ein viktig rolle og kanal for arbeidet med saka. Viss arbeidstakar som blir peika ut til verneombod ikkje blir komfortabel med rolla, kan dette føre til utfordringar både for den einskilde arbeidstakar og for arbeidsmiljøet.

Arbeidsgjevar oppmodar difor organisasjonane å ha dette i mente ved val av verneombod.

I kommunikasjon med arbeidstakarorganisasjonane vil rådmannen be dei peike ut verneombod for neste periode.

Rådmannen oppmodar verneombod som er godt fungerande og godt kjent med arbeidsplassen og

arbeidsforholda, om å halde fram med vervet. Alle er tent med godt fungerande og erfarne verneombod.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

AMU tek rådmannen sin orientering om val av verneombod til orientering

Arbeidsmiljøutval - 011/2015

AMU - handsaming:

I møtet blei saka kort drøfta og organisasjonane legg vinn på å få til gode ordningar for stabile, erfarne verneombod med innsikt i tråd med intensjonane i føresegner. Dersom arbeidstakarorganisasjonane ikkje får til gode løysingar må dei be leiar organisere val eller i siste instans at arbeidsgjevar peikar ut verneombod i området. I møtet blei saka kort drøfta og organisasjonane legg vinn på å få til gode ordningar for stabile, erfarne verneombod med innsikt i tråd med intensjonane i føresegner. Dersom arbeidstakarorganisasjonane ikkje får til gode løysingar må dei be leiar organisere val eller i siste instans at arbeidsgjevar peikar ut verneombod i området.

AMU - vedtak:

AMU tek rådmannen sin orientering om val av verneombod til orientering